



Prosjektstyring Vest AS
Arne Kristiansen
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10001 - 23/11241

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
09.02.2023

Du må stoppe arbeidet - Pålegg om umiddelbar stans i arbeid og vedtak om tvangsmulkt - gbnr 322/218 Mjåtveit

Tiltakshavar:
Ansvarleg søker:

VEDTAK

1. Pålegg om stans

Vi pålegg deg å umiddelbart stoppe alt arbeid på eigedom med gbnr 322/281. Dette gjeld både byggeaktivitet over terreng og alt av graving, terrengarbeid og transportering av massar.

2. Tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 10.02.23 dersom ikkje arbeid vert stoppa.

Løpande dagmulkt på kr 2 000,- frå og med 10.02.23 dersom ikkje arbeid vert stoppa.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §32-4 og §32-5.

Tidligare saksgang

Kommunen har ved fleire anledningar fulgt opp problemstillingar rundt fangdammane tilknytta Mjåtveit Næringspark. Vi har også motteke bekymringsmeldingar til funksjonaliteten av fangdammane i dag.

Grunngjeving for vedtaket

Mjåtveit Næringspark AS eig eigedomen og er derfor ansvarleg for at reglane i plan- og bygningslova (pbl.) følgjast. Det er også Mjåtveit Næringspark AS som har det overordna ansvaret for at krava i §7.2 i reguleringsplanen følgjast.

Kommunen har motteke og samla inn informasjon og dokumentasjon som underbyggjer mistanken vi har hatt om at fangdammane ikkje fungerer som dei skal og/eller at krava i

reguleringsføresegnene ikkje følgjast opp på ein tilfredsstillande måte. Det er påvist gjentatte turbiditetsverdiar over krava dei siste månadene og fangdammane ser heller ikkje ut til å fungere slik dei skal med å fange opp partiklar.

I brev datert 02.02.23 vart det varsla om oppstart av arbeid frå 06.02.23. Kommunen har vore på staden og sjekka tilhøva i Kloppedalsbekken etter oppstart:



Mandag 06.02 kl 13.41



Tirsdag 07.02 kl 13.20



Onsdag 08.02 kl 09.15



Onsdag 08.02 kl 09.15



Onsdag 08.02 kl 09.15



Onsdag 08.02 kl 09.15

Vi ser oss nøydd til å stoppe aktiviteten på eigedom med gbnr 322/281 fram til fangdammane vert utbetra og ein får kontroll med avrenninga frå næringsområdet.

Vi orienterer om at det fortsatt må takast og eventuelt sendast inn vannprøver i forbindelse med anleggsarbeid innanfor øvrige delar av næringsområdet i samsvar med planføresegnene.

Næringsparken er bygd ut og lagt opp slik at overvatn frå heile området har avrenning via overvannsledning ned mot fangdam 1. Dersom ikkje turbiditetsverdiane går ned til eit godkjent nivå som følgje av denne stoppordren kan det bli aktuelt å gje stopp for andre anleggsarbeid innanfor planområdet. Manglande prøvetaking framover kan også føre til at kommunen må gjere ytterlegare tiltak enn vi no har krevd.

Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Ta kontakt med saksbehandlar på tlf. 56 37 54 66 eller på e-post post@alver.kommune.no.

Ved vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer 20/10001, eventuelt , .

Aktuelt regelverk

- Plikt til å søkje om tiltaket fremgår av plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf. § 20-1
- Krav til sikring av septiktank/brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen si plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarse eventuelle vedtak følgjer av plan- og bygningslova § 32-2.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter plan- og bygningslova § 32-3 fjerde ledd.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrotsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 fyrste ledd.
- Vi kan politianmelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------|--------------|------|------------|
| Mjåtveit Næringspark AS | Grønamyrvege | 5353 | STRAUME |
| | n 2 | | |
| Prosjektstyring Vest AS | Postboks 66 | 5318 | STRUSSHAMN |
| Vassbakk & Stol AS | Postboks 63 | 4291 | KOPERVIK |